

Musikklaget klar til julegrantenning

28.11.2008



Musikklaget har i mange år spela på juletrefesten i Vonheim. Dette biletet er frå spelinga i fjar.

Uskedal Musikklag har ikkje vore i jamn aktivitet dei siste åra. I slutten av november vaknar dei likevel kvart år til live. Takka vere tradisjonen med spelinga ved julegrantenninga. Slik er det også i år. Sist tysdag var dei samla til første øving for sesongen.

Komande tysdag er det ny øving, og då håpar dei at litt fleire stiller opp. Dei ansvarlege oppfordrar alle som har lyst til å vera med, til å koma på øving.

Elles er førebuingane til pyntinga i rute. Knut Stensletten kan fortelja at han og Lars Myklebust brukte onsdagskvelden til å gå over og kontrollera lyslenkjene. Laurdag føremiddag har dei planlagt å gjera sjølve pyntearbeidet, og då er nok heile den rutinerte pyntegjengen på plass.

Elles kan det nemnast at musikklaget er spurt om å spela på juletrefesten i Vonheim 4.juledag. Det har dei sjølvsagt lyst til, for det er ein annan tradisjon som er med å få musikklaget til å vakna til live.

Av: Thor I. Døssland